

# Årsrapport 2015



## **Innhold:**

- Årsmelding frå styret [side 3–8]
- Museum og vitensenter [side 9-10]
- Formidling [side 11-21]
- Forvaltning av samlingane [side 22-23]
- Forskning og kunnskapsutvikling [side 24]
- Resultatrekneskap [side 25-32]
- Revisjonsberetning [side 33-34]

# ÅRSMELDING FRÅ STYRET

## OMTALE AV VERKSEMDA

Stiftinga Jærmuseet er regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå, samt regionalt vitensenter for Sørvestlandet. Det er eit konsolidert museum med hovudkontor på Vitengarden, Nærbø i Hå kommune, og driv i dag ulike museumsanlegg i alle dei sju stiftarkommunane.

### Overordna mål – møtestad mellom natur, kultur og teknologi

Jærmuseet er ein vitenskapleg institusjon som skal dokumentera regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling. Museet er ein møteplass mellom natur, kultur og teknologi, og me inviterer publikum til å utforska kunnskap gjennom aktivitetar og opplevingar. Som vitensenter skal Jærmuseet særleg stimulera barn og unge si nysgjerrigheit, utforskartrong og samfunnsengasjement og auka interessa for teknologi og naturvitskap. Den historiske og regionale forankringa som museum inneber at JM formidlar naturvitskap og teknologi innanfor historiske og kulturelle rammeforteljingar der installasjonar og eksperiment blir knytt til regionen si historie og samtidige næringsliv.

### Hovudresultat i 2015

2015 har vore eit nytt, godt driftsår for Jærmuseet. Me kan gle oss over viktige framsteg og gode resultat på fleire område.

- For niande år på rad kan me melda om ny besøksrekord – tilsaman 203.510 gjester, 6000 fleire enn i fjor, besøkte anlegga våre i 2015.
- Vårt omreisande Science Circus nådde ut til heile 70 skular frå Sauda i nord til Flekkefjord i sør. Rundt halvparten av skulebesøka blei finansiert gjennom prosjektet «Energi og miljø».
- I 2015 avslutta me prosjektet «Energi og miljø» ved at del 3 med utstillingane «På den grønne grein», «Grøn Lab» og «Lommeparken», blei opna på Vitenfabrikken. Dette har vore eit tredelt prosjekt med ulike utstillingar og aktivitetar på Vitenfabrikken, Vitengarden og Science Circus med økonomisk støtte frå Statoil.
- I juni opna stortingsrepresentant Geir Pollestad utstillinga «Traktorliv» på Vitengarden.



Då NRK sin sommarbåt besøkte Sandnes 30. juli, stilte Vitenfabrikken opp med timannsykkelen. Dorit Kydland på 90 år gleda seg like mykje over å sykla som ungene. I bakgrunnen bedriftsvert på Vitenfabrikken, Ingunn Aase Hovelsrud.

Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet

- I november kunne samferdsleminister Ketil Solvik Olsen opna modelljernbanen Sandnes stasjon, bygd av «Modelljernbaneverket», ei gruppe frivillige togentusiastar.
- Hausten 2015 var og den nye stallen på Vitengarden ferdig. Den gir betre forhold for museet sine hestar og fjørfe, og har samtidig rom for biogassutstilling i kjellaren.
- Sommaren 2015 starta Sandnes kommune opp arbeida på byggesteg 2 på Vitenfabrikken. Rehabiliteringa av Solavn. 10 skal vera ferdig seinhausten 2016 og m.a. gi rom for nye utstillingar, kontorlokale for tilsette, studiemagasin og dokumentarkiv.
- I mars blei arkitektkonkurransen for maritimt vitensenter i Tungevågen avslutta. Firmaet Rørbek og Møller frå København vann konkurransen med bidraget «Vitenlandskapet».
- Sola kommune har tidlegare bevilga 2,6 mill. for å setta i stand den gamle torpedoverkstadene til utstillingsformål for RKM. Arbeidet med å rehabilitera bygningen er sett i gang.
- På fleire av anlegga blei det også dette året arrangert eksperimentveker og feriekubbar for skulebarn i sommarferien
- I alt blei det gjennomført 102 aktivitetsdagar og opne publikumsarrangement på museet sine ulike anlegg.
- Samlingsteam Rogaland har gjennomført registreringsoppgåver for alle regionmusea og Norsk oljemuseum og har i løpet av 2015 handsama 13.350 gjenstandar.
- Jærmuseet har eit godt samarbeid med private verksemder i regionen. Heile 11 bedrifter har i løpet av 2015 bidrege med prosjekt- eller driftsstøtte på tilsaman 2.222.500,-. Storparten av dette har gått til Vitenfabrikken i Sandnes.
- Når det gjeld andre eigeninntekter har billettinntektene auka med 20,7 %, medan sal frå kafe og butikk har auka med 9,4 %. Inntekter knytt til bedriftsmarknaden, herunder utleige og arrangementsinntekter, viser derimot ein nedgang på 22,1%

Styret vil takka alle som med økonomiske tilskot og gåver, og på andre måtar, har bidrege til å realisera Jærmuseet sine mål!

Det var det danske arkitektkontoret Rørbek og Møller som vann arkitektkonkurransen for maritimt vitensenter med bidraget «Vitenlandskapet». Konkurransen hadde rekordstor deltaking, og vinnarane vart offentleggjort i mars 2015. Her er vinnarane saman med ordførar i Randaberg kommune, Bjørn Kahrs.

Foto: Ove Tennfjord, Randaberg kommune





På Vitengarden vart det bygd ny stall som òg skal husa høns og gjess. I kjellaren vil det i 2016 komma ei utstilling om biogass. Avdelingsdirektør ved Vitengarden, Helene Ø. Larsen, takka snikkarane hjå snikkarmeister S. Undal for godt utført arbeid.

Foto: Elin Ravndal Bell, Jærmuseet



## AVDELINGAR OG ANLEGG

Jærmuseet hadde ved utgangen av 2015 driftsansvaret for 59 kulturhistoriske bygningar, 47350 gjenstandar og 234.000 foto. Det er ein tilvekst på 952 gjenstandar og 2949 foto.

Stiftinga Jærmuseet eig anlegget Vitengarden med Kvigarden og Audamotland. I tillegg forvaltar museet ei rekkje bygningar og anlegg i kommunal eige.

Per 31.12.2015 hadde me driftsansvaret for desse avdelingane og anlegga:

- **Vitengarden**, Nærbø, med museumsgarden Kvia 4H gard og den historiske garden Audamotland.
- **Vitenfabrikken**, Sandnes, med Krossens havremølle, det historiske tunet Austrått/Thranegården, snikkarverkstaden på Vagle, og fleire kvernhus og andre antikvariske bygningar i Sandnes kommune.
- **Science Circus** er Jærmuseet sitt ambulerande vitensenter som oppsøker skular i heile Rogaland.
- Vitengarden, Vitenfabrikken og Science Circus utgjer til saman det regionale vitensenteret for Sørvestlandet ("Sørvestnorsk vitensenter").
- **Hå bygdemuseum** med gjenstandssamling, Varden Sjøredningsmuseum, gardsanlegget Grødalaland og andre antikvariske bygningar i Hå kommune.
- **Gjesdal bygdemuseum** med samlingar, Limagarden bygdetun, Gjesdal Ljåfabrikk og andre antikvariske

bygningar i Gjesdal kommune.

- **Klepp bygdemuseum** med samlingar og to antikvariske bygningar på Haugabakka i Klepp kommune.
- **Randaberg bygdemuseum** sine foto- og gjenstandssamlingar og Vistnestunet.
- **Tungenes fyr**, inkludert Sjøbruksmuseet i Tungevågen, Randaberg, som og er ein del av Kystverkmusea / etatsmuseet for Kystverket.
- **Nasjonalt Garborgsenter** på Bryne, samlokalisert med Time bibliotek.
- Forfattarheimane **Garborgheimen** og **Knudaheio**.
- **Flyhistorisk Museum Sola**, med foto- og gjenstandssamling, lokalisert i Sømmevågen, Sola.
- **Rogaland Krigshistoriske Museum**, med foto- og gjenstandssamling, Soma/Sola kommune.
- Jærmuseet har elles rapporteringsansvar for Hå gamle prestegard til museumsstatistikken. HGP mottar årleg 1 mill. kroner frå staten gjennom Jærmuseet.

Museet legg vekt på å ha ei aktiv forvaltning av bygningar og anlegg i alle stiftarkommunane, og vil styrka den lokale forankringa gjennom aktiv nettverksbygging til vertskommunar, lokalt og regionalt næringsliv, organisasjonar, skular og lokalbefolkninga. Museet skal driva aktiv formidling ut frå det enkelte anlegg sine ressursar og særlege profil, og arbeida for å utvikla dei ulike lokalitetane sin unike karakter.



I april kvart år er det stor-reingjering på dei lokale museumsanlegga. Her frå Grødalaland.

Foto: Unn Iren Thorsen, Jærmuseet

I august var heile personalet på tur til Haugalandsmuseet. Her framfor Haraldsstøtta.

Foto: Håvard Tørresen, Jærmuseet



## ORGANISASJON

Pr. 31.12.2015 hadde styret i Jærmuseet desse medlemmene:

### Styret

Arne Norheim, styreleiar  
Inglen Haugland  
Tone Brandtzæg  
Espen Aaserud Karlsen  
Mons Skrettingland, nestleiar  
Ane Mari Braut Nese  
Bjørn Kahrs  
Stanley Wirak  
Per Inge Ruud  
Staale Grude Haaland  
Ingeborg Nærland Skjærpe  
Ørjan Zazzera Johansen

oppnemnd på fritt grunnlag  
oppnemnd på fritt grunnlag  
Rogaland fylkeskommune  
Gjesdal kommune  
Hå kommune  
Klepp kommune  
Randaberg kommune  
Sandnes kommune  
Sola kommune  
Time kommune  
tilsett  
tilsett

### Vara:


Torleiv Bilstad  
Halvard Ween  
Lisbeth Vikse  
Margunn Nedrebø  
Sveinung Lode  
Torunn Austdal Rasmussen  
Jarle Bø  
Annelin Tangen  
Preben Inge Jørgensen  
Brigt Åge Høyland  
Magne Hognestad  
Helle Kristiansen



Styret for Jærmuseet på styremøte på Garborgsenteret. Frå venstre Mons Skrettingland, Stanley Wirak, Ørjan Johansen, Tone Brandtzæg, Inglen Haugland, Torunn Austdal Rasmussen (vara), styreleiar Arne Norheim, Staale Grude Haaland, Målfrid Snørteland og Ingeborg Nærland Skjærpe. Ikkje til stades: Espen Aaserud Karlsen, Bjørn Kahrs, Per-Inge Ruud og Ane Mari Braut Nese.

Foto: Elin Ravndal Bell, Jærmuseet

## Utførde årsverk fordelt på dei ulike avdelingane i 2015



AVDELINGAR	2013	%	2014	%	2015	%
Fellestjenester (inkl samling)	7,3	12 %	9,6	14 %	12,9	18 %
Vitengarden	14,6	24 %	16,1	24 %	17,9	26 %
Vitenfabrikken	25,2	41 %	24,6	37 %	23,7	34 %
Garborgsenteret	5,1	8 %	6,1	9 %	6,0	9 %
Tungenes fyr	1,9	3 %	2,4	4 %	2,0	3 %
Hå bygdemuseum	1,6	3 %	1,5	2 %	1,6	2 %
Gjesdal bygdemuseum	1,3	2 %	1,7	3 %	1,4	2 %
Klepp bygdemuseum	0,4	1 %	0,3	0 %	0,4	1 %
Randaberg bygdemuseum	1,3	2 %	1,4	2 %	1,4	2 %
Flyhistorisk og Krigshistorisk	2,2	4 %	2,3	3 %	2,0	3 %
Science Circus	0,9	2 %	0,9	1 %	1,0	1 %
(med fråverstimar)	61,8	100 %	66,9	100 %	70,3	100 %

### Besøk

Jærmuseet hadde i 2015 eit samla gjestetetal for eigne anlegg på 203.510 fordelt på 13 ulike publikumsarenaer og Science Circus.

### Årsverk

Jærmuseet hadde i 2015 70,3 årsverk inkl. vertar, ekstrahjelp, lærling og Samlingsteam Rogaland. (Eitt av desse årsverka er ei formidlarstilling på Vitengarden som er direkte løna av Hå kommune.) I gjennomsnitt mottok 128 personar regelmessig løn frå Jærmuseet i løpet av året, medan det blei sendt ut i alt 249 løns- og trekkoppgåver. Gjennomsnittsalderen er 36,7 år for tilsette som er innmelde i pensjonsordninga til Jærmuseet, inkludert vertar. Alle tilsette nyttar eit elektronisk timeregistreringssystem som gir oversyn over kor ein har jobba og kva oppgåver ein har arbeidd med.

### Likestilling

Jærmuseet har ei overvekt av kvinnelege tilsette; av dei 67 fast tilsette, vikarar og prosjektmedarbeidarar er 43 kvinner og 24 menn. I tillegg har me ein kvinnleg lærling i hage- og anleggsgartnerfaget. Omrekna til årsverk er det 34,4 årsverk kvinner og 22,8 årsverk menn. Direktør og to avdelingsleiarar er kvinner, tre avdelingsleiarar er menn. Styret består av fire kvinner og åtte menn, inkludert styreleiar.

### Arbeidsmiljø

Jærmuseet er IA bedrift frå 2011. Me har hatt avtalar med NAV om arbeidspraksis i heile 2015 og har hatt 4 personar i arbeidspraksis. Det er utført om lag 1 årsverk gjennom ordninga.

Samla sjukefråvær er 2,2 årsverk, dvs. 3,1 %. I tillegg var det 0,7 årsverk i foreldrepermisjon. Det sosiale og fysiske arbeidsmiljøet ved Jærmuseet blir vurdert som godt, noko som blir stadfesta i årlege arbeidsmiljøundersøkingar.

### Ytre miljø

Drifta av Jærmuseet ureinar ikkje det ytre miljøet.


### Planar vedtatt av styret

Styret vedtok ny sikringsplan, ny formidlingsplan og ny marknadsplan i 2015. Jærmuseet har elles eigne planar for følgjande arbeidsområde: formidlingsplan for barn og unge, samlingsplan, forskingsplan og ein overordna strategiplan.

### Lov om diskriminering og tilgjenge

Alle tiltak/planer blir vurdert ut frå prinsippet om universell utforming. Følgjekort blir akseptert på alle avdelingane.


## Fordeling av årsverk på arbeidsområde



Arbeidsoppgåver innan	2013	%	2014	%	2015	%
ADMINISTRASJON OG DAGLEG DRIFT	14,6	25,4 %	14,9	23,7 %	15,5	23,0 %
DRIFT AV BYGG OG KAFE	15,2	26,3 %	18,3	29,2 %	19,6	29,1 %
FORMIDLING	18,7	32,5 %	19,9	31,7 %	21,3	31,7 %
NYE UTSTILLINGAR	6,1	10,5 %	3,6	5,8 %	3,9	5,9 %
SAMLINGAR OG ANTIKVARISKE HUS	3,1	5,4 %	6,0	9,5 %	7,0	10,4 %
<b>TOTALE ÅRSVERK</b>	<b>61,8</b>	<b>100 %</b>	<b>62,6</b>	<b>100 %</b>	<b>67,4</b>	<b>100 %</b>
Fråver	4,1		4,3		2,9	
<b>TOTALE ÅRSVERK</b>	<b>61,8</b>		<b>66,9</b>		<b>70,3</b>	

## Fordeling av inntekter 2015

Sponsormidler og prosjektmidler gjeld berre brukte midlar i 2015. For mottekne midlar i 2015, sjå årsrekneskapen note 3.



## ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

Hausten 2015 gjekk Jærmuseet inn som medeigar i KulturIT AS med ein aksjepost på 200.000 kroner. Formålet med selskapet er å vidareutvikla og driva dataverktøy for samlingsforvaltning til beste for museumssektoren.

### Bidrag frå private

Jærmuseet er eitt av dei musea i landet som har fått mest gåver og sponsormidler frå private verksemder i løpet av dei siste åra. Heile 11 bedrifter har i 2015 bidreg med prosjekt- eller driftsstøtte på tilsaman 2.222.500, mot 4.862.500 i 2014. Nedgangen skuldast at me dette året ikkje har sett i gang nye prosjekt, men fullført dei prosjekta ein tidlegare har fått midlar til. Me har allereie sikra oss fleire gode sponsoravtalar framover som vil gi gode inntekter dei neste tre åra. Jærmuseet har ein eigen etisk plattform som ligg ved alle sponsoravtaler.

### Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

Jærmuseet har dei siste åra opplevd ein god auke i egne inntekter frå bilettosal samt kafe/butikk. Frå 2014 til 2015 var denne auken på 20,7 %, knytt til billettinntekter og 9,4 % på kafe/butikk. Den store auken i billettomsætninga skuldast at me har hatt ein god besøksauke samstundes som me auka inngangsprisene i 2015. Bedriftsmarknaden er framleis prega av ein generell nedgang. Dette slår spesielt dårleg ut i vårt distrikt som er prega av oljerelatert næring. Dette gjer at me ikkje har nådd budsjetterte mål for arrangement og utleige, og me har her hatt ein nedgang på 22,1 %. Me har likevel stort fokus på eigeninntekter og jobbar kontinuerlig med utvikling av det kommersielle potensialet ved våre anlegg.

Nærbø, 23. februar 2016

Dei totale kostnadene har auka med nesten 3 %, medan personalkostnaden har auka med 11,5 %. Dette skuldast i stor grad at den endelege aktuarberekninga frå KLP, som kom i januar 2016, viste ein uventa høg pensjonskostnad grunna endring i berekningsforutsetningane. Me har også nokre fleire årsverk enn i 2014. Pensjonskostnadane utgjer 14,6 % av dei totale personalkostnadane. Jærmuseet nyt godt av en god bankavtale forhandla fram av Hå kommune. Dette gir oss veldig gode renteinntekter i løpet av året og gir eit godt bidrag til drifta.

### Administrative system

Museet har oppdaterte og profesjonelle administrative system og nyttar elektronisk post og arkiv så langt det let seg gjera. Dette gjeld elektronisk nyheitsbrev, brukarundersøkingar, inngående og utgåande faktura, timeregistrering, ordrestadfestingar og anna.

### Framleis drift

Årsrekneskapen for 2016 er sett opp under føresetnad om framleis drift. Det blir med dette stadfesta at institusjonen har føresetnader for å driva vidare.

### Utgreiing om årsrekneskapen og resultatdisponering

Styret meiner at framlagd rekneskap og balanse med notar viser verksemda sitt resultat for 2015 og økonomisk stilling ved årsskiftet.

Det har ikkje oppstått forhold etter rekneskapsårets slutt som har innverknad på vurderinga av rekneskapen.

Rekneskapen viser eit årsresultat på kr. 113.761 som blir lagt til eigenkapitalen.

*Arne Norheim*  
Arne Norheim  
Styreleiar

*Mons Skrettingland*  
Mons Skrettingland  
Nestleiar

*Tone Brandtzaag*  
Tone Brandtzaag

*Ingen Haugland*  
Ingen Haugland

*Ståle Grude Håland*  
Ståle Grude Håland

*Bjørn Zazzera Johansen*  
Bjørn Zazzera Johansen

*Bjørn Kahrs*  
Bjørn Kahrs

*Espen Aaserud Karlsen*  
Espen Aaserud Karlsen

*Ane Mari Braut Nese*  
Ane Mari Braut Nese

*Per Inge Ruud*  
Per Inge Ruud

*Ingeborg Mørland Skjærpe*  
Ingeborg Mørland Skjærpe

*Stanley Witak*  
Stanley Witak

*Måfrid Snørteland*  
Måfrid Snørteland  
Direktør



I juni opna Vitenfabrikken tredje og siste del av prosjektet «Energi og miljø». I første etasje flytta roboten Frøken Mobi inn i sitt eige hus. Ho innviterte barna til fest, og det vart eit spennande møte. Formidlar Marta Vassbø var med.

Foto: Jan Inge Haga



## VITENSENTER SKAPER REALFAGSGLEDE I HEILE LANDET!

### ”SØRVESTNORSK VITENSENTER”

Det er i dag ni regionale vitensentera i Norge. Vitensentera er ein del av regjeringa sin strategi for å auka interessa for og rekrutteringa til realfag. «Vitensentra er eit viktig verkemiddel for å skapa interesse for og kunnskap i realfag, og for rekruttering til eit kompetanse-område Norge treng både no og i framtida. Saman skal dei regionale vitensentra utgjere eit heilskapleg nasjonalt tilbod». (Statsbudsjettet 2014.) Vitensentera har tre hovudmålgrupper: 1) Barnehagar, 2) Skuleverket, 3) Allmennheita med familiar og andre

Avdelingane Vitengarden, Vitenfabrikken og Science Circus utgjer det regionale vitensenteret, ”Sørvestnorsk vitensenter”. Avdelingane Vitenfabrikken og Vitengarden er også dei største anlegga i Jærmuseet, både når det gjeld årsverk, budsjett, eigeninntekter og besøkstal.

Utstillingane våre legg vekt på å formidla naturvitskap og teknologi gjennom kulturhistoriske rammeforteljingar der installasjonar og eksperiment blir knytt til regionen si historie og samtidige næringsliv.

Vitensenteravdelingane hadde i alt vel 140.000 besøkande i 2015. Av dette var nærare 42.000 barn og unge i organiserte opplegg.

Science Circus er vårt «vitensenter på hjul», og oppsøker skular i heile Rogaland. Heile 13.278 personar deltok på opplegg i regi av SC i 2015, av dette var 11.000 skulelevar. Me kan tilby tilsaman 3500 m2 interaktive utstillingar innanfor ei rekke tema som geologi og landskap, mat og helse, biologi, teknologi, kjemi, fysikk, astronomi, økonomi og matematikk, samt eit moderne planetarium. I tillegg kjem ei større utandørsutstilling med fleire store installasjonar.

Dei regionale vitensentera mottar årlege driftstilskot frå Kunnskapsdepartementet via Norges Forskningsråd. Midlane blir fordelte av eit eige vitenstyre og Jærmuseet fekk i 2015 eit tilskot på 5,3 mill. kroner. Vitenstyret har utarbeidd 12 ulike kriterier for tildelinga av offentleg støtte. Her legg ein m.a. vekt på god organisasjon og robust økonomi, dynamikk og høg kvalitet i verksemda, nasjonal og regional nettverksbygging og samarbeid. Vitensenteravdelingane, og særleg Vitenfabrikken, får og betydeleg støtte frå næringslivet i regionen.



← Det er viktig å leika, både for store og små. Chris Chiaverina frå Chicago og Brian Jones frå Colorado kom på besøk i juni for å halda lærarkurs i miljø og klima. Dei nytta samstundes høvet til å demonstrera lufttrykk på Dalane vidaregåande skule.

→ Kjekt å leika med Bernoulliblåse, sjølv om du snart er ferdig med vidaregåande skule.

Foto: Ivar Reed Nakken, Jærmuseet





På eksperimentdagen for barnehagar på Vitengarden var det mange som sette pris på dei nye stasjonane i utandørsutstillinga «SNU», som var ein del av «Energi og miljø» prosjektet.

Foto: Else Rugaard, Jærmuseet

## NYE TILTAK

### Arkitektkonkurransen for maritimt vitensenter

Arkitektkonkurransen for det maritime vitensenteret «Vitenvågen» blei avslutta i januar 2015. Det danske firmaet Rørbæk og Møller arkitekter, København, vann med prosjektet «Vitenlandskapet». Heile 137 firma deltok i konkurransen.

Randaberg kommune og Jærmuseet er i gang med å konkretisera prosjektet og søka midlar. Vitenvågen er siste del i den regionale vitenstrategien Jærmuseet la kring år 2000, og skal bli den maritime avdelinga av «Sørvestnorsk vitensenter». Utstillingane skal ha tre hovudtema: Kystverket si historie og samtidige aktivitet, havbruk og maritim industri.

### Visningscenter for oppdrett

Havbruk er tenkt som eit sentralt tema i det maritime vitensenteret. Saman med Blue Planet (Stavangerbasert paraplyorganisasjon for havbruksnæringa) har Jærmuseet utvikla planar for eit visningscenter som skal formidla kunnskap om akvakultur. Det er etablert samarbeid med ein regional havbruksaktør, men planane er avhengig av ein såkalla visningskonsesjon; eit vederlagsfritt produksjonsløyve som kan bli innvilga av Fiskeridirektoratet dersom verksemda er «særleg egnet for formidling og tilrettelagt for publikum». Museet skal organisera transport ut til eit eller fleire oppdrettsanlegg og oppdretteren skal tilby omvising på anlegget. Gitt visningskonsesjon kan denne aktiviteten starta opp i eksisterande lokale i Tungevågen frå våren 2017.

### Ny stall på Vitengarden

Den nye stallen på Vitengarden blei ferdig i september 2015. Byggearbeida er utført av S. Undal AS. I underetasjen er det innreia rom for biogassutstilling. Prosjektet er utvikla med økonomisk støtte frå IVAR IKS og Norges Forskningsråd. Utstillinga skal opna i oktober 2016.

### Byggetrinn 2, Vitenfabrikken

Sandnes kommune sette i gang rehabiliteringa av Solavn. 10 sommaren 2015. Bygget skal vera klart til

innflytting seinhausten 2016. Her skal det komma ny matematikkutstilling på Abelloftet, nye byhistoriske utstillingar, rom for skiftande utstillingar, studiemagasin, dokumentarkiv, ny verkstad og kontorlokale for tilsette. I byggeperioden har Vitenfabrikken mellombels kontor i Langgata 1, samt Møllemesterboligen.

### Makerspace.

Dei regionale vitensentera er nå i gang med å etablera såkalla makerspace. Jærmuseet sitt makerspace skal etablerast på Vitenfabrikken. Eit makerspace er ein verkstad der publikum får tilgang til ulike typar utstyr og verktøy – frå meir tradisjonelle verktøy som loddeboltar og symaskinar til moderne laserskjerarar og 3D-printarar til «digital sløyd», og tilbod om opplæring i koding, programmering etc. Det skal vera ein sosial møteplass og ein kreativ verkstad der publikum kan laga ulike produkt som dei kan ta med seg. Målet er m.a. å kombinera kunst, teknologi og vitenskap på nye måtar og bidra til innovasjon og nyskaping. Vår målgruppe er særleg ungdom i alderen 13 – 20 år. Prosjektet har fått 300.000 frå Sparebankstiftelsen DNB NOR, via Makerspace Norge, og 75.000 i gåveforsterkingsmidlar frå KUD. Opninga er planlagt til mai 2016.

### Utvikling av Sømmevågen

I 2014 fekk sivilarkitekt Alexandria Algard i oppdrag å utforma ein mulegheitsstudie for Sømmevågen. I 2015 nedsette Sola kommune ei intern arbeidsgruppe, supplert med ein representant frå Jærmuseet. Gruppa skal våren 2016 fremja ei sak til politisk handsaming om utviklinga av Sømmevågen som stad for natur- og kulturopplevingar. Utgreiinga skal ta utgangspunkt i «Mulighetsstudien for Sømmevågen» og skissere ei utvikling på kort og lang sikt.

# FORMIDLING

«Jærmuseet formidlar kunnskap gjennom oppleving, deltaking og utforsking»

I 2015 var Jærmuseet det best besøkte museet på Sør- og Vestlandet, og er eitt av dei best besøkte musea i landet utanfor hovudstadsområdet. For niande år på rad kan Jærmuseet melda om besøksrekord: 203.510 gjester, 6000 fleire enn i fjor, besøkte anlegga våre i 2015. Me er og mellom musea med størst del barn og unge. Barn og unge talde totalt 129.982; av desse var 67.803 barn og unge i organisert undervisning.

## SÆRLEGE PROSJEKT

### Energi og miljø

I perioden 2012 - 2015 har Jærmuseet/Sørvestnorsk vitensenter hatt eit samarbeid med Statoil om prosjektet «Energi og miljø». Gjennom dette samarbeidet og programmet «Morgedagens helter» har det vore muleg å realisera fleire store utstillingar og delprosjekt på Vitenfabrikken og Vitengarden. I 2013 opna utstillinga «100 % energi» på Vitenfabrikken, i 2014 opna utandørsutstillinga «Snu» på Vitengarden og våren 2015 blei dei siste delprosjekta fullførte på Vitenfabrikken.

tilknytning til energiutstillinga blei det, i samarbeid med elevar frå Sandnes vgs, laga ei utstilling med tittelen «På den grønne grein – ei utstilling om miljø og kjærlyghet til byen». I tillegg etablert ein «Grøn lab» som skal gi barn og unge inspirasjon og innsikt i ulike sider ved framtidens energi, teknologi og miljøutfordringar. I juni blei «Lommeparken» etablert på plassen utanfor inngangspartiet. For at menneska skal trivast treng byane grønne lungar og parken her inneheld urtehage, blomster, bærbuskar og humlehotell.


Også Science Circus har fått oppgradert sine ambulerande eksperiment og har besøkt ei rekke skular i Rogaland med «Energi på hjul».

Statoil og Jærmuseet har inngått ein ny samarbeidsavtale for perioden 2016 – 2019 med prosjektet SKAPE – samarbeid, kompetanse, aktivitet, pedagogikk, engasjement.

## ANDRE UTSTILLINGSPROSJEKT

### Traktorliv

på Vitengarden blei opna av stortingsrepresentant Geir Pollestad 7. juni. På opningsdagen samarbeidde me med Jæren Gråtasslaug, Gammeltraktorens Venner,



↑ Matematisk tråd er ei utstilling som er utarbeidd av Vitenfabrikken i samarbeid med Nordnorsk vitensenter og Matematikkenteret. Den opna i november og skal vidare til andre vitensenter.

Foto: Ingunn Aase Hoveldsrud, Jærmuseet



Under opninga av «Traktorliv» på Vitengarden spelte Kjell Gudmestad på gitar til motor Sandbeckens.

Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet



I samband med utstillinga «Viva Basket» på Haugabakka flette Klara Pil den velkjende fuglen på Klepp. Den stod utanfor Haugabakka i utstillingsperioden, og publikum fekk vera med og fletta reiret på opningsdagen. Det var fleire aktivitetar knytta til utstillinga, blant anna viste Bjørg Njø koss ho laga sevsko.

Foto: Berit Bass, Jærmuseet



Felleskjøpet, Eik Maskin, AK-Maskin, traktorpullarar, traktorånarar m.m. Over 1300 besøkande kom innom denne dagen. Utstillinga Traktorliv viser eit utval av Jærmuseet sine traktorar, omlag 30 stk, produsert frå 1917 til 1957. Utstillinga er også presentert på Digitalt museum.

### Sandnes stasjon

Modelltogbanen «Sandnes stasjon» blei opna i november av samferdsleminister Ketil Solvik Olsen. Dette er ein autentisk modell av gamle Sandnes stasjon som over mange år er bygd opp av «Modelljernbaneverket», ei gruppe frivillige togentusiastar.

### Digital Garborgløype

I og rundt Garborgheimen, Knudaheio og Time kyrkje blir det arbeidt fram ei digital formidlingsløype som via video og lydklipp gir eit innblikk i Arne Garborg sine litterære verk. Løypa er basert på QR-kodeteknologi. Konsept, manus og det meste av innhaldet er nå ferdig produsert. Garborgløypa opnar i 2016. Prosjektet er i hovudsak finansiert av egne midlar, men har fått 100.000

kroner frå Sparebankstiftinga Time og Hå, samt 25.000 i gåveforsterkingsmidlar frå KUD.

## TEMPORÆRE UTSTILLINGAR

### Vitenfabrikken: Matematisk tråd

Dette er ei vandreutstilling om matematikken i handarbeid. Den er laga av Vitenfabrikken i samarbeid med Nordnorsk vitensenter og støtta av Abelfondet og Sandnes garn . Utstillinga stod på Vitenfabrikken frå 3. november 2015 til 31. januar 2016

### Vitengarden: «Dyr Du Skulle Ønske Ikkje Fantes»

Er ei utstilling med dei rare, skumle og ganske løgne dyra kjente frå Jo Nesbø sine bøker om Doktor Proktor. Den blei opna 29. januar av veterinær Marie Nøklung frå Mattilsynet. Ho gav Vitengarden godkjenning som ein mellombels bustad og isolasjonsstad for dyra. I samband med utstillinga blei det laga ulike aktivitetar for publikum og særskilde formidlingstilbod for barnehagar, skular og SFO. Utstillinga stod til over påske og trekte mykje folk.

Tungenes fyr: «Sommerleir for framtidfyrr», laga av den

10. november opna samferdselsminister Ketil Solvik Olsen modelljernbane av Sandnes stasjon på Vitenfabrikken. Modelljernbaneverkets hovedkontor har sidan 2007 arbeidt med modellen, som er basert på data frå august 1980.

Foto: Jærmuseet



I utstillinga «Bergtatt» på Garborgsenteret kan ein leva seg inn i den norske eventyrverda.

Foto: Kine Hansen Wiik



Kjende franske maritime kunstnaren Ramine DeBrest, var hovudutstillinga på Tungenes fyr i perioden 8.mai – 30.september 2015. Utstillinga bestod av kunstnariske fyrskulpturar laga av gjenbruksmateriale. Sol- og vindenergi skapte rørsle og lys i skulpturane som raskt blei ein poplærar attraksjon for kafégjester og turgåarar i området. I tillegg hadde kunstnaren ei maleriutstilling i kafeen. Om lag halvparten av kunstverka blei selde i løpet av sommaren.

**Garborgsenteret: «Håkon Blekens Haugtussa»** inneheldt 10 litografi og stod på Garborgsenteret frå 30.mai til 27. september. Dette er ei utstilling av Håkon Blekens grafiske trykk basert på Edvard Griegs opus 67 og diktsyklusen Haugtussa av Arne Garborg.

«**Bergtatt**» er ei utstilling mynta på barn i småskulealderen og handlar om bergtaking i folkeeventyr. Ungane kan mellom anna «gå i berget», kle seg ut, sjå eventyr på film, karda og spinna. Utstillingsperioden er 6. november 2015 til 8. mai 2016.

**Haugabakka: «Viva Basket – fletting i Polen og Norge».** Dette er ei vandreutstilling lånt av av Sunnhordland museum som viser fletteteknikkar og fletta produkt frå Norge og Polen. Utstillinga er resultat av eit samarbeid mellom Sunnhordland museum og Serfenta Association i Polen for å dokumentera ulike fletteteknikkar. Produkta som var utstilte var bruksgjenstandar som ulike oppbevaringskjerald, fiskereiskapar, gjerder, hytter, møblar, vogner og til og med båtar. Utstillinga, som stod på Haugabakka i perioden 11. oktober – 15. november, blei supplert med gjenstandar frå Jærmuseet sine eigne samlingar og innlånte lokale gjenstandar. På sundagane i utstillingsperioden har det vore aktivitetar og demonstrasjonar som fletting av sevsko, jærstolfletting, pil og peddig, hår, kipe, tæger, spon og tråd.

**Vistnestunet, Randaberg:** Dyrlegeutstillinga frå Vitengarden blei remontert i fjaset på Vistnestunet til

sesongopninga der den er svært populær hos det unge publikumet.

**Limagarden, Gjesdal:** Vandreutstillinga om vaskemaskinar blei montert i eldhuset til sesongopninga. Der skal den stå ut 2016.

**FMS:** Vandreutstillinga «**Condoren på Kvitanosi**» frå Museum Vest var utstilt i hangaren i sommersesongen 2015

## ANDRE FORMIDLINGSPROSJEKT

**Skiltprosjekt: formidling på freda fyrstasjonar**

Kystverkmusea produserer saman med Kystverket skilt til alle dei freda fyrstasjonane i Norge. Dei fagtilsette i Kystverkmusea bidreg med tekstar. Tungenes fyr har i 2015 levert skilttekstar om Tungenes fyr, Kvitsøy fyr og Slåtterøy fyr.

## AKTIVITETAR OG ARRANGEMENT

**Aktivitetsdagar**

I alt blei det gjennomført 102 aktivitetsdagar, konsertar og opne publikumsarrangement på museet sine ulike anlegg, sjå eige oversyn. I tillegg hadde me ei rekkje arrangement og opplegg for særlege grupper, bedrifter og organisasjonar.

Konsertserien «Torsdag på Tungenes» har etter kvart blitt ein etablert musikkarena i regionen. Konsertane er stort sett godt besøkte, publikum og artistar gir svært gode tilbakemeldingar.

**Forskningsdagane 2015**

Jærmuseet har gjennom mange år deltatt aktivt på Forskningsdagane. Årets tema var mat og dette året hadde Vitengarden ansvaret for å stilla på stand i Stavanger laurdag 19. september. Vitenfabrikken hadde gratis inngang og serverte havregraut i Kafe Hjerneføde sundagen.



Lars Svihus er oftast å finna på Limagarden der han er vert. Men han stiller òg opp på andre anlegg, som her på Grødaland der han lærte ungane å laga einarkroker på aktivitetdagen «Med fiber mellom fingrane».

Foto: Ingeborg Nærland Skjærpe, Jærmuseet

## ANDRE UTOVERRETТА AKTIVITETAR

### Demensopplegg

Demensgrupper frå Solåsheimen i Gjesdal og Klockarhagen i Hå har månadlege besøk på hhv. Limagarden og Grødaland. Gruppene har og vore på tur til Tungenes, Flymuseet og Haugabakka.

### Dugnadsfest og frivillige

10. november var det igjen dugnadsfest på Vitengarden for mange av dei gode, frivillige hjelperane våre. Også i år møtte over hundre gjester. Dei fekk omvising i SNU og traktorutstillinga. Dei frivillige er knytt til ulike anlegg, og gjer ein innsats på fleire område. Hå og Klepp historielag stiller opp som vertar på Grødaland og Haugabakka, Jæren Kystlag m.fl. er viktige medhjelparar under redningsdagen i Varden. Vennelaget for Jærmuseet

Vitengarden og Vitenfabrikkens venner hjelper til på enkelte aktivitetdagar; andre stiller opp på Vistnestunet i Randaberg og Limagarden i Gjesdal.

Bygdekvinnelaget og bondelaget i Gjesdal deltar aktivt i undervisningsopplegg for mange hundre skulebarn på Limagarden.

Frå venneforeningane knytt til RKM og FMS blei det lagt ned fleire årsverk i restaurering av militærkøretøy, fly og renovering av lokale i 720 brakka og Torpedoverkstad, den kommande utstillingsbygningen til RKM.

Medlemmar frå krigsmuseet si venneforening startar opp museet sin M5 International half-track for å gje Solabladet sin utsendte journalist ein runde i køretøyet i forkant av «Open dag».

Foto: Sondre B. Hvam, Jærmuseet





← Den første lærlingen med fagbrev i Jærmuseet vart Henriette Hansen Liland. Ho har vore lærling på Vitengarden, og i 2015 bestod ho fagprøven som anleggsgartner.

Foto: Helene Østby Larsen, Jærmuseet

→ Konsertserien «Torsdag på Tungenes» hadde fleire dyktige artistar på programmet. Ole Paus besøkte fyret i haust, og då var det fullt hus.

Foto: Torgeir Nes, Randberg kommune



→ Fiskedag

Mange var med å dra inn garnet under Fiskedagen i Limavatnet og mykje fisk var det! Dagen vert arrangert i samarbeid med Stavanger og Rogaland Jeger- og Fiskerforening.

Foto: Christian Haugstvedt Eide, Jærmuseet

↓ Med midlar frå Kulturrådet, arbeider Jærmuseet med prosjektet «Designmodellar i Figgjoserviset». Her driv prosjektmedarbeider Therese Espeland og fotografere Figgjoservisa som skal publiserast på Digitalt Museum.

Foto: Jærmuseet



↑ Kodeklubben: Vitenfabrikken starta eigen Kodeklubb der barna får læra meir om datamaskinen sitt språk. Klubben møter fast, og museumslektor Hanne Madsen er kurshaldar saman med fleire frivillige.

Foto: Ingunn Aase Hovelsrud, Jærmuseet

## OPNE PUBLIKUMSARRANGEMENT 2015

- i regi av Jærmuseet

### Vitenfabrikken

14.01	Opning av SkrikOmeteret	19.06	Skulesjakkturnering Norway Chess
21.01	ENERGISK – vitensshow med NRK-fysikar Andreas Wahl	Juli	Sommarprogram «Kjærlighet til byen»
5.02	Premiere på Tempo-filmene	20.09	Aktivitetsdag: Hjerneføde (Forskningsdagene)
14. – 22.02	Vinterferie. Legorobotkurs, Bånn Gass show og kodekurs	3. – 11.10	Haustferie. Tema: Legorobotkurs / Energi og miljø
3.03	Utstillingsopning: Energi og miljø del 3	24.10	Markering FN-dagen
5.03	Amnesty kulturkveld	25.10	Aktivitetsdag: Mølledag i Krossen Havremølle
10. – 15.03	Matematikkens uke med foredrag og aktivitetar	3.11.	Utstillingsopning: Matematisk tråd
15.03	Aktivitetsdag: Matematikk er gøy!	4. og 5.11	Foredrag Schizofrenidagene/Litteraturdagene
20.03	Solførørkelse	7.11	First Lego League
24. -26.03	Kulturskuledagar (Sandnes kulturskole)	10.11	Utstillingsopning: Sandnes stasjon v/samferdselsministar
29.03-6.04	Påske med gule aktivitetar	2.12	Stjerner dag for barnehagane i Sandnes
27. – 30.05	Tour des Fjords i Sandnes med sykkelaktivitet på huset		

### Vitengarden

1.02	Aktivitetsdag: «Dyr du skulle ønske ikkje fantes» (D.D.S.Ø.I.F)	22. – 26.06	Vitengardsferie
14. – 22.02	Vinterferie: «Dyr du skulle ønske ikke fantes» + SNU	Juli	Møt bondekona på garden
25.03	Regional Finale, Unge forskere	10 – 14.08	4H-matskule
29.03	Vitengarden 20 år og eggande aktivitetsdag	13.09	Aktivitetsdag: Husflidsdag
26.04	4H-dag og skogdag	20.09	Aktivitetsdag: Smak av haust (Forskningsdagene)
31.05	Sykle- og fugledag	3.10	Tråd på pinnen
4.06	Nysgjerrigperdag	4 - 11.10	Haustferie: Ull og tråd
7.06	Opning av «TRAKTORLIV»	1.11	Aktivitetsdag: Mjølkk og kjemi
14.06	Biedag	29.11	Aktivitetsdag: Jul i gamle dagar

### Tungenesfyr

12.02	Torsdag på Tungenes: Kjell Reianes	1.10	Torsdag på Tungenes: Ole Paus
9.04	Torsdag på Tungenes: Torgeir Waldemar	8.10	Torsdag på Tungenes: Randi Tytingvåg
7.05	Maijazz: Baker Hansen	20.10	Open dag med Tungenes motorgruppe
21.05	Torsdag på Tungenes: Monica Heldal	29.10	Torsdag på Tungenes: Frøkedal og familien
10.09	Torsdag på Tungenes: Maps (UK)	19.11	Torsdag på Tungenes: Kjell Inge Torgersen

### Garborgsenteret

22.01	«Fra Asker til Eden», foredrag ved Alfred Fidjestøl	16.09	«Hipp hopp og Garborg» på Thime Station
24.01	Foredrag om Haugtussa ved Sigbjørn Reime og Mari Ask Lund	27.09	GILDT på Garborgsenteret: Rogalandstonar med Eivor Time
25.01	Forteljarstund med Liv Brita Brodal: eventyr og myter	17.10	Festopning på Time bibliotek med Pippi og Kaptein Sabeltann
22.02	GILDT på Garborgsenteret: Liv Brita Brodal fortel om Hulda på bursdagen	17.10	«Frå bleike myr til Alveland», foredrag med Jan Inge Sørbo
28.02	«Garborg og Skou. Forskjell på folk?» Med forfatter Marit Elisebet Totland	17.10	Konsert med Tom Roger Aadland
17.03	Konsert med jazzseptetten BenReddik	25.10	GILDT på Garborgsenteret: Songleikar med Jorunn Osland
21.03	Verdas poesidag	6.11	Utstillingsopning: Bergtatt
10.04	Fordjupingsmeisterskapen 2015	22.11	Operaen «Haugtussa i Helheim»
18.04	«Flatøy-bok: Den nye forteljinga om Noregs historie» med Bård Titlestad	22.11	GILDT på Garborgsenteret: Karding og spinning med Therese Oddane
23.04	Konsert med Hilde Selvikvaag	3.12	Litterær lunsj: boklansering av Garborg-sitatbøker
30.05	Utstillingsopning: Håkon Blekens Haugtussa.	12.12	Laurdagstimen: «Haugtussa i teikning, ord og tonar»
21.06	GILDT på Garborgsenteret: «Av gode dagar» med Ørjan Z. Johansen	20.12	GILDT på Garborgsenteret: «Mens me ventar på jul» med Leif Andenes
30.08	GILDT på Garborgsenteret: Ein Garborg-time med Ørjan Z. Johansen		

### Flyhistorisk Museum sola

14.06	Wings & Wheels	6.09	Hafrsfjorddagen
-------	----------------	------	-----------------

### Grødalaland

7.06	Aktivitetsdag: Hagedag	6.09	Aktivitetsdag: Med fiber mellom fingrane
21.06	Aktivitetsdagar: Jonsokleik og syrekaker	27.09	Aktivitetsdag: Eplekaker og gamle spel
16.08	Aktivitetsdag: Trivselsbygda di		

### Vistnestunet

19.04	Sesongopning i samarbeid med Hagelaget	27.09	Treskjedag
10.05	Open gard i samband med Søndagstur til Landsbyen	22.11	Julemarknad
30.08	Seinsommaropent		

### Limagarden

7.06	Aktivitetsdag: Limavatnet rundt på sykkel	27.09	Aktivitetsdag: Fiskedag i Limavatnet
20.09	4H-dag		

### Varden Sjøredningsmuseum

31.05	Familiedag med sjøredning som tema		
-------	------------------------------------	--	--

### Rogaland Krigshistoriske Museum

30.05	Open dag: Krigshistorie		
-------	-------------------------	--	--

### Knudaheio

26.04	Aktivitetsdag i Knudaheio og Undheimsmiå		
-------	--	--	--

### Haugabakka

11.10	Utstillingsopning: Viva Basket		
-------	--------------------------------	--	--



← Prosjekt fantasi var ein konkurranse som vart arrangert på fleire vitensenter saman med Statoil Morgendagens helter. Både Vitengarden og Vitenfabrikken hadde fleire verkstader og Prosjekt-fantasi dagar gjennom sommaren og hausten. Barna kom opp med forslag for framtida. Dei 20 beste er trekte ut og skal byggast til ei vandreutstilling.

Foto: Jærmuseet

→ I samband med ustillingsopning av «Dyr du skulle ønske ikkje fantes» på Vitengarden hadde Breidablikk kulturbarnehagebarnehage kledd seg ut og stod for underhaldninga.

Foto: Elin Ravndal Bel, Jærmuseet



## FORDELING PÅ KLASSESTEG OG ANLEGG I 2015 OG 2014: medrekna Hå gamle prestegard

	Vitengarden		Vitenfabrikken		Science Circus		Garborgsenteret**		Tungenes fyr		Hå BM Grødal/Varden		Gjesdal BM Limagarden	
	2015	2014	2015	2014	2015	2014	2015	2014	2015	2014	2015	2014	2015	2014
<b>Barnehagar</b>	3829	2796	3054	2340	0	0	290	143	0	0	229	152	126	121
<b>Barnetrinnet</b>	7151	5572	6496	7666	8262	7268	902	529	105	133	557	689	1079	1122
<b>Ungdomstrinn.</b>	1892	1498	2879	2735	3794	3782	1676	1922	248	94	96	62	69	34
<b>Vid. Skular</b>	829	567	3908	4642	97	0	2636	1719	0	0	0	0	26	20
<b>SFO, fritidsgr.</b>	2118	1174	1083	1009	0	0	0	45	0	0	721	566	290	265
<b>Studentar</b>	100	98	846	814	20	0	100	55	15	0	0	0	84	90
<b>Sum</b>	15919	11705	18266	19206	12173	11050	5604	4413	368	227	1603	1469	1674	1652
<b>Anna publikum</b>	32104	30571	43040	45151	1085	1373	7627	6407	17994	17620	2099	2255	566	602
<b>Utleige</b>	7267	7431	8651	9912	20	0	1201	3122	40	71	217	131	350	561
<b>Sum i alt *</b>	55290	49707	69957	74269	13278	12423	14432	13942	18402	17918	3919	3855	2590	2815

\*Inkl. Thranegården galleri med 1105 besøkande i 2014 og 2135 i 2015

\*\*Inkl. tal frå Garborgheimen og Knudaheio

\*\*\*I tillegg besøker årleg rundt 10 000 Hå Gamle Prestegard som turområde, og 20 000 nyttar Hanabergsmarka kultur- og fritidsområde.



← Cruisepassasjerar vel ofte å leggja eit besøk til Flymuseet som ein del av opplevinga i regionen.

Foto: Jan Inge Haga

→ I mars 2015 var det 20 år sidan dåverande kulturminister Åse Kleveland opna 1. byggesteg av Vitengarden. Vitengarden feira 20-årsjubileet med kake til alle gjestene som var med på Eggande aktivitetsdag Palmesundag. I jubileumsåret hadde Vitengarden òg med over 55.000 besøkande!

Foto: Jærmuseet



Klepp BM Haugabakka		Randaberg BM Vistnestunet		FMS		RKM		SUM Jærmuseet		HGP		SUM inkl. HGP	
2015	2014	2015	2014	2015	2014	2015	2014	2015	2014	2015	2014	2015	2014
138	125	11	103	8	37	0	0	7685	5817	200	30	7885	7 715
203	176	796	1122	90	214	0	0	25641	24491	1600	1270	27241	26 911
0	0	314	205	36	307	8	0	11012	10639	0	1230	11012	12 242
0	0	362	35	104	112	45	30	8007	7125	125	88	8132	8 095
0	0	565	435	0	0	0	0	4777	3494	0	0	4777	4 777
0	0	0	26	0	27	0	0	1165	1110	25	26	1190	1 191
341	301	2048	1926	238	697	53	30	58287	52676	1950	2644	60237	60 931
327	443	4099	3270	12056	7295	1613	1582	122610	117385	44 832	56 992	167442	179 602
777	700	449	481	1364	1713	142	92	20478	22501	2 075	2 800	22553	23 278
1445	1444	6596	5677	13658	9705	1808	1704	203510	195135	48 857	62 436	252367	263 811

FMS= Flyhistorisk Museum Sola

RKM= Rogaland Krigshistoriske Museum

HGP= Hå gamle prestegard



→ Viten på hjul og vertane på Vitenfabrikken var i sommar på tur i Sandnes med mange eksperiment. Her representert ved vertane Morten Fredriksen og Magnus Krøger Evensen.

Foto: Jærmuseet

← Utstillinga «Håkon Blekens Haugtussa» på Garborgsenteret med motiv frå Arne Garborg sin kjende diktsyklus.

Foto: Gunhild Hammeraas, Jærmuseet



## FORMIDLING OG ANDRE TILTAK FOR BARN OG UNGE

Som regionalt vitensenter har Jærmuseet ansvaret for fleire regionale kunnskapskonkurransar og rekrutteringstiltak.

**Kunnskapsdagane - RING** – står for «realfag, inspirasjon, næringsliv og glede» og er eit samarbeid mellom Oljedirektoratet /Force og Rogaland fylkeskommune. Arrangementet skal inspirera 1.klasse elevar på vidaregåande skule til å velja fordjuping i realfag. I løpet av tre dagar i januar får om lag 1700 elevar frå heile Sør-Rogaland møta bedrifter som treng realfagleg kompetanse.

Også den regionale finalen i **First Lego League** blir arrangert på Vitenfabrikken. Spennende konkurransar, og med familiemedlemmer som heilagjengar, var fabrikken denne dagen full av glede og god stemning.

Vitenfabrikken har eit ekstra fokus på matematikk. Årets matematikkveke blei arrangert i veke 11. Me hadde særleg fokus på 5. klasse. Her fekk elevane oppleve matematikkens magi gjennom eit spektakulært foredrag med Roger Antonsen frå Universitetet i Oslo. Matematikkveka blei avsluttet med konkuransen: «**Kodeknekkeren**», som er ein årleg matematikkonkurranse for vidaregåande skular. I løpet av eit par månadar skal klassen løysa ulike

matematikkoppgåver. Rett svar fører fram til ein kode som gir tilgang til den gamle safen til Jonas Øglænd – og der ligg premien på 20 000 kr! Vinnarane i 2015 var ein klasse frå Stavanger Katedralskole. Matematikkoppgåvene er utarbeidde i samarbeid med Mike Nylor, Matematikksenteret.

Vitenfabrikken driv og eigen **matematikk-klubb** for spesielt evnerike elevar i Sandnes kommune, og astronomiklubb for barn i samarbeid med Stavanger astronomiske forening.

Nytt i 2015 var eigen kodeklubb for barn.

**Kulturskuledagane** i Sandnes har og blitt eit fast arrangement på Vitenfabrikken med arrangement over tre dagar.

**Eksperimentdagen** for femåringane i Hå kommune blei arrangert 16. april. Heile 196 barnehagebarn deltok!

Jærmuseet har ansvar for å arrangera regionale finalar for fleire landsomfattande kunnskapskonkurransar under Forskningsrådet. Rogaland er det fylket med flest deltakarar i konkuransen **Unge Forskarar** og premieutdelinga for dei regionale deltakarane var på Vitengarden 25. mars. Den årlege **Nysgjerrigperdagen** for Region Sør blei arrangert 4. juni.



På Limagarden er opplegget «Tradisjonsmat» populært for barnehagane. Etter å ha kinna smør og smakt på rømme får dei vera med og laga is. Isen fall i smak hjå barna i Bamsebo barnehage.

Foto: Elin Ravndal Bell, Jærmuseet



For andre gong, arrangerte Vitenfabrikken ein matematikk-konkurranse for elever i vidaregåande skular. Etter ein spennande konkurranse, var det til slutt elevane frå Stavanger Katedralskule som stakk av med sigeren. Mike Naylor ved Matematikksenteret laga oppgåvene.

Foto: Elin Ravndal Bell, Jærmuseet

Garborgsenteret arrangerer årleg «Fordjupingsmeisterskapen» der avgangselevar frå vidaregåande skular i Sør-Rogaland konkurrerer om å presentera det beste fordjupingsemnet i norsk. Garborgsenteret har og vore oppdragsgjevar for to dagar med «Gründercamp» for 8. og 9.klassingar i Time kommune i samarbeid med Ungt Entreprenørskap i Rogaland.

#### Særskilde ferieaktivitetar – eksperimentveker og ferieklubber

Vitengarden og Vitenfabrikken har særlege opplegg for barn i alle feriar.

På dei lokale bygdetuna Vistnestunet, Limagarden og Grødalaland er dei særskilde ferieklubbane eit stadig populært tiltak for skuleungar som får ei opplevingsrik veke på eitt av Jærmuseet sine anlegg.

#### Undervisning på anlegga

##### Vitenfabrikken/ Vitengarden:

Vitensenteravdelingane har omfattande tilbod til skulane; om lag 140 opplegg frå barnehagar til vgs. Alle opplegga tar utgangspunkt i kompetansemåla for dei ulike klassestega.

**Tungenes fyr:** undervisningsopplegga «Mat fra fjæra» og «GPS-navigasjon».

**Vistnestunet:** Byggeskikk, Fugler rundt Vistnestunet og Kokkar i friluft.

**Limagarden:** Tradisjonsmat, Safting og sylting. Fiske og friluftsliv. Skjøtsel av kulturlandskapet. Limavatnet rundt, orienteringsløype på sykkel. Frå ull til tråd. Jul i gamle dagar.

**Haugabakka:** Tradisjonsmat.

**Grødalaland/Varden:** Leik og barnekultur, Byggeskikk, Mjølke og mjølkestell og Redningshistorie.

**Flymuseet:** Leik med luft.

**Garborgsenteret:** Nytt opplegg: «Eventyret Bergtatt» knytt til den temporære utstillinga. Formidlingsopplegg i samband med utstillinga «Håkon Blekens Hautgussa» for vgs.

**DKS:** «Arne Garborg og språkets musikk» og «Garborg og STRID», har i heile 2015 vore ein del av Rogaland fylke sitt DKS-tilbod til vidaregåande skule. Fylkeskommunen betalar då transporten til Bryne. «Hipp hopp og Garborg» har turnert i ungdomsskulane i jærkommunane. Alle 6.-klassingane i Time kommune deltok på formidlingsopplegget «Skriv med Aadne».

Det er utvikla to nye DKS-opplegg for Sandnes kommune som tar føre seg utviklingstrekk i norsk industrihistorie frå første halvdel av 1900 tallet. Det eine er handlar om ullvareindustrien og det andre tar føre seg sykkelhistoria i Sandnes. Her får eleven eit godt innblikk i følgjane av industrialiseringa då maskinane tok over plassen til handverkarar og faglærte. Velferdstaten, masseproduksjon, ressurstilgang og historisk refleksjon er viktige stikkord.

#### Science Circus

har hatt eit aktivt år. Rundt 70 skular frå Sauda i nord til Flekkefjord i sør har blitt besøkt med forskjellige undervisningsopplegg. Rundt halvparten av skulebesøka blei finansiert gjennom prosjektet «Energi og miljø».

**Science Circus i vesterveg:** SC er og deltar i prosjektet Kunnskapstoget som er finansiert av Nordisk råd. Gjennom dette prosjektet var SC to gonger på Færøyane i løpet av 2015. Først på universitetet der ein kursa lærarstudentar i nokre undervisningsopplegg, og der ein i løpet av to dagar tok imot over 10 % av alle skuleelevane på Færøyane. I oktober besøkte SC Nasjonalmuseet i Torshavn og hadde aktivitetar og show der og på eit kjøpesenter.

#### Lærarkurs

I løpet av 2015 har det blitt arrangert ei rekke lærarkurs i tema som elektronikk, raketteknologi, vassøkologi, russisk/utviklande matematikk, klima/miljø og nysgjerrigpermetoden. På kurset om klima henta me inn kurshaldarane Chris Chiaverina og Brian Jones frå USA.

# FORVALTNING AV SAMLINGANE

## «Jærmuseet forvaltar kulturarven for samtid og framtid»

Jærmuseet har som mål å vera a jour med registrering og digitalisering av samlingane innan 2020. I 2015 blei omlag 10 500 gjenstandar revidert/registrert, fotografert, pakka og fekk ny magasinplassering. Dei antikvariske bygningane blei systematisk fotograferte og registrerte som førebuing til å ta i bruk ny bygningsmodul i Primus. På Digitalt museum blei det i 2015 publisert 720 gjenstandar og 84 fotografi. Totalt er det nå lagt ut 5550 gjenstandar og 3132 fotografi.

I 2015 lanserte me utstillinga Traktorliv på Digitalt museum samtidig med den fysiske utstillinga på Vitengarden. Til denne utstillinga har me også lagt på traktorlyd med film.

Jærmuseet fekk midlar frå Kulturrådet til eit digitalt prosjekt knytt til Figgjo-samlinga, «Designmodellar i Figgjoserviser». Her utarbeider me eit designregister over Figgjo-servisa, i samarbeid med KulturIT.

## Registrerings- og katalogiseringsarbeid

Også 2015 var prega av ekstra innsats i samlingsarbeidet. Samlingsteam Rogaland var med på arbeidet i to periodar, medan fast personale og prosjekttilsette har arbeidd over lengre tid.

**Byhistoriske samlingar i Sandnes:** I samband med rehabiliteringa av Solavn. 10 blei dei byhistoriske utstillingane pakka ned, magasinert eller sett på mellombels lager. Gjenstandane blei fotograferte og registrerte digitalt. Meir enn 7000 store og små gjenstandar blei flytta.

**Tre- og metallmagasinet på Vitengarden:** Revisjons- og registreringsarbeidet her blei også vidareført, med omlag 1000 gjenstandar. Gjenstandane i magasinet har nå strekkode med hylleplassering.

### Arbeidet med felles innsamlingsplan for Rogaland.

Dei fem regionmusea og Norsk oljemuseum arbeider saman om å laga ein dokumentasjons- og innsamlingsplan som skal koordinera musea sine samlingar og ansvarsområde. Arbeidsgruppa, der Jærmuseet har ein representant, starta opp våren 2015 og skal vera ferdig i 2016. MUST har ansvar for prosjektet og har tilsett prosjektleiar.

Første del av arbeidet har vore å laga ei tematisk samanlikning av samlingane i dei ulike musea.

### Privatarkiv og foto

I 2015 hadde Jærmuseet ein tilvekst på 10,25 hm

fordelt på 18 forskjellige privatarkiv. På fotosida hadde Jærmuseet ein tilvekst på 2949 fotografier. Fotosamlinga til Underhaugs Fabrikk AS har blitt prioriterte dette året.

### Heinkel He 115

Fleire frivillige har halde fram med konserveringa av delar av Heinkel He115. I midten av august blei den konserverte cockpitseksjonen og motoren sett inn i utstillinga.

### Sikringsplan

Med innleigd fagleg bistand blei det i løpet av sommaren utarbeidd ein komplett sikringsplan for alle bygg som Jærmuseet har driftsansvar for. Planen blei godkjent av styret i september, internt sikringsutval blei oppretta og sikringskoordinator oppnemnd. I oktober blei det sendt søknader om tilskot frå dei statlege sikringsmidlane til ni sikringsprosjekt. Alle søknadene blei innvilga med totalt kr 708.000 som utgjer 60 % av prosjektkostnadene. Det handlar om åtte brannvarslingsanlegg og eit sprinkleranlegg som alle skal monterast i 2016 etter at det er søkt ytterligere finansiering hos andre tilskotsgevivarar.

### Underjordisk utstillingshall og magasin

Hausten 2014 fekk Jærmuseet utarbeidd eit kostnadsoverslag over muleg underjordisk utstillingshall og magasin på eiga tomt på Kvia. I samband med regjeringa sine tiltakspakkar på statsbudsjettet 2016 fekk me ei omfram løyving på 18,8 mill. frå Kulturdepartementet til dette! Saman med ein betydeleg eigendel frå Jærmuseet blir det nå muleg å realisera prosjektet som er på om lag 2700 m<sup>2</sup>. Hå kommune sette i gang reguleringsarbeid på haustparten samstundes med at Jærmuseet utlyste konkurranse om prosjekteringsoppdraget. Prosjekterande firma blei peikt ut før jul og prosjekteringa startar opp våren 2016.

### Regionalt samlingsarbeid, «Samlingsteam Rogaland»

Samlingsteamet har gjennomført registreringsoppgåver for alle regionmusea og Norsk oljemuseum og har i løpet av 2015 handsama 13.350 gjenstandar. Som følge av auka løyvingar frå Rogaland fylkeskommune, og tildeling av midlar frå Norsk kulturråd, var det muleg å tilsette enda ein prosjektmedarbeidar frå september og ut 2016. Teamet fekk også ein brakkerigg utanfor fjellhallane på Åmøy som fast arbeidsstad for dei fem tilsette. Teamet sitt arbeid haustar stor merkesemd landet rundt. Mellom anna hadde Fagbladet «Museumsnytt» eit stort oppslag om teamet.



Bygningshandverkaren restaurerte taket på Garborgheimen, saman med dyktige fagfolk frå eit Byggelaget på Bryne.

Foto: Odd-Geir Rosland, Jærmuseet

## Bygningsvedlikehald

Jærmuseet forvaltar i dag 59 kulturhistoriske bygningar og eit mindre tal andre faste kulturminne. Handverkarane fører rutinemessig tilsyn med alle bygg. Mykje regn- og stormvêr gjer dette til ei tidkrevjande oppgåve.

### Ekstraordinære midlar til bygningsrestaurering.

Kulturdepartementet har på Statsbudsjettet for 2016 løyvd omframme midlar til restaurering av kulturhistoriske bygningar på musea i Rogaland og Hordaland. Løyvinga til Jærmuseet er på 4,7 mill. I første rekkje vil me nytta midlane til restaurering av låven, kjerrehuset, folgestova og steingardane på Audamotland. Rydding og andre førebuingar blei sett i gang seinhaustes 2015.

### Prosjektet Varmare, våtere, villere vår (Klimaprojektet)

Etter initiativ frå Jærmuseet søkte dei to museumsnettverka, Handverksnett og Byggenettverket, midlar frå Norsk kulturråd til eit prosjekt som skal finna dei beste og mest varige metodane som kan demma opp for den eskalererande nedbrytinga av bygningsarven. Søknaden på i alt kr 750.000 for 2015-16 blei innvilga. Fleire fylkeskommunar har også løyvd pengar til prosjektet. Roy Høibo, tidlegare direktør på Ryfylkemuseet, er tilsett som prosjektlei. Leiarane i nettverka og ein representant frå Jærmuseet utgjer styringsgruppa for prosjektet. Om lag 15 museum landet rundt sit i ei referansegruppe for arbeidet .

## Særlege vedlikehaldsoppgåver i 2015

### Vistnestunet:

Tunet har fått nye systemlåsar i alle dører, portar og lemmer. Vindmaskinen er restaurert og malt. Grua i eldhuset er renovert med tiltaksmidlar frå KUD.

### Flymuseet:

Taket over Mimrehallen blei lagt om og restaurert av Rogaland fylkeskommune. Mimrehallen er malt opp og nyinnreia etter takarbeida. Billettbus er malt og har fått ny innreiing. Ein gjeng frå venneforeininga har med svært godt resultat totalrenovert biblioteket i 720-brakka.

### Torpedoverkstaden:

Er stilt til disposisjon for nye utstillingar for Rogaland Krigshistoriske Museum.

Venneforeining for RKM har med ein stor dugnadsinnsats over fleire helgar rive vegg og rydda ut gamle tekniske installasjonar i bygget slik at det nå er klart for nye utstillingar.

### Tranegården

Det er gjennomført ei generalrydding i heimahuset og lagerrommet i låvekjellaren. Terrenget rundt heimahuset er planert og rydda for stein. Sandnes kommune har sett av midlar til sprinkling av heimehuset.

### Limagarden

Blekkhuset har fått på plass den gamle blekk-kledninga på ei side. Vassrenner og stemmar til kverna på Ytre Lima er reinska og reparert.

### Haugabakka

Kommunegartnaren har felt tre i grøntanlegget. Det er installert ny varmtvassstank i Folgehuset.

### Garborgheimen

Taket på Garborgheimen er restaurert med innleigd arbeidskraft.

### Grødaland

Vindmaskinen er restaurert.

I samband med at det skal gravast kloakk i Reime-Grødalandsområdet som eit offentleg/privat samarbeidsprosjekt får Grødalandstunet i tillegg til kloakk også ny vassleidning og fiberkabel. Hå kommune har vedtatt å bygga nytt toalett.

### Audamotland

Kyllinghuset er fundamentert, taket har fått ny påstøyp og det er sett inn dør og vindu som er kopi av dei originale.

### Prosjekt vindusrestaurering

Det er restaurert vindu på Grødaland, Vistnestunet, Tungens fyr og Garborgheimen.

I tillegg til ovanstående er det ført jamleg tilsyn med alle antikvariske bygg og utført ein del reperasjons- og restaureringsarbeid.

### Krossens havremølle

Det er installert varmepumpe i mølla noko som gjer det muleg å bruka bygningen større delar av året.

## Forvaltning av kulturlandskapet

Steingarden rundt Bondevensslunden er ferdig restaurert og lødd opp igjen som enkel steingard.

Arbeidet er utført av Leif Nesvik. I tillegg er det planta lauvtre i ytterkant av skogen. Prosjektet er støtta av Sparebankstiftelsen SR-Bank med 100 000 og har fått 25.000 i gåveforsterkingsmidlar frå KUD.

Hanbergmarka: Det er utarbeidd nytt opplegg med orienteringskart, informasjon via QR-kode og geocaching. Det kjem ein artikkel om Hanbergmarka i årboka til til Stavanger Turistforening 2016.



I 1994 dokumenterte museet ordninga med beitelag i heiene, No har me starta eit prosjekt for å dokumentera både ordninga, heieføring av sau og sauehaldet i 2015 og 2016. Planen er å formidla resultatata i utstilling på Vitengarden i 2017. Biletet er frå Suleskarddrifta.

Foto: Anne Helene Robberstad, Jærmuseet

## FORSKING OG KUNNSKAPSUTVIKLING

Jærmuseet ønskjer å løfta forskarkompetansen i organisasjonen. M.a. har fleire medarbeidarar arbeid systematisk for å kvalifisera seg som konservator NMF. Våren 2015 fekk historikar Anne Jorunn Frøyen tilkjent slikt kompetanse av fagkomiteen i Norges Museumsforbund. Fleire har tatt faget «Å forske i og på museum» på Universitetet i Bergen. Magne Hognestad har i løpet av 2014-15 tatt 30 studiepoeng i UtVite-pedagogikk ved Norges miljø- og biovitenskapelige universitet.

### Nye prosjekt i 2015

- «Levd liv i heia før og no». Prosjektet har tre hovudmålsetjingar:
  - o Å følgja opp prosjektet «Med sauene til heis» frå 1994.
  - o Dokumentera heiaføringa av sau i 2015 med intervju, film og bilde.
  - o Formidla prosjektet i to filmar om heiaføringa og forholdet mellom menneske og dyr, i 1994 og 2015.
- «Figgjo AS-omstillingsprosessen» er eit nytt forskingsprosjekt med fokus på produktutviklinga ved bedrifta.
- Garborgsenteret er med i Litteraturnettverket. Dei

starta i 2015 eit nytt forskingsprosjekt, med støtte frå Kulturrådet, som ser på musea som minnepolitiske institusjonar. Garborgsenteret sitt fokus i prosjektet vil vera å undersøka Knudaheio som minnestad.

- I eit nytt og spennande forskingsprosjekt er tema Sola hovedflystasjon som framskoten krigsbasis for amerikanske flystyrker under den kalde krigen. Skjedde det eit brot eller var det vidareføring av tidlegare politikk?


### Publikasjonar

Årbok 2015 var den 27. i rekka. Artikkane spenner over mange ulike tema, frå diktverket Haugtussa til Jæren Elektrisistetsverk, frå Kvernelands Fabrikk og det bygdesamfunnet som oppstod rundt fabrikkene til jordhungerige jærboar på Nordvestlandet og i Østfold. Takk til forfattarane som har levert oss desse gode bidraga. Sitatboksamlinga 500 sitat av Arne og Hulda Garborg, består av dei fem sitatbøkene Ord av Arne, Ord av Hulda, Ord om kjærleik, Ord som veks og Ord som svir. Bøkene er redigerte av Vilhelm Skjærpe.

→ Troppsfoto av flyplastroppen på Sola frå 1970-talet.

I bakgrunnen ein av deira M-48 Patton. Flyplastroppen på Sola 1948-1983 er tema for ein forskingsartikkel i Jærmuseet.

↓ Garborgsenteret ga ut «500 sitat av Arne og Hulda Garborg, eit verk i fem bind, redigert av Vilhelm Skjærpe.



# RESULTATREKNESKAP

	Note	2015	2014
Salsinntekter		4 998 589	4 570 749
Billett/arrangementsinntekter		5 840 369	5 530 708
Faste offentlege tilskot	2	42 796 837	41 709 757
Tilskot prosjekter	3	23 176 040	14 698 906
Avsetningsplikt ubrukte prosjekttilskot	3	-12 268 000	-3 010 814
Medlemsskap/annonsar		198 646	217 004
Andre inntekter	4	541 740	644 988
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>65 284 221</b>	<b>64 361 298</b>
Varekostnader		2 851 384	2 546 430
Personalkostnader	5	42 491 055	38 102 417
Inventar og utstyr		1 132 701	1 348 996
Driftskostnader bygg/anlegg		5 013 417	4 645 542
Vedlikehald utstyr/samlingar		1 530 517	1 056 742
Produksjon utstillingar		3 550 711	6 483 683
Kontor og administrasjonskostnader		1 594 287	1 608 269
Reiser/kurs/transport		1 511 627	1 476 882
Marknadsføring/publikumskostnader		2 883 869	3 608 426
Avskrivningar	6	1 519 605	1 498 976
Kjøpte tenester	7	1 611 316	1 573 383
Andre driftskostnader	8	812 409	802 740
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>66 502 898</b>	<b>64 752 486</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-1 218 677</b>	<b>-391 188</b>
Renteinntekter		1 844 790	2 296 302
Renter byggetrinn I VF			
Renter byggetrinn II VF		-440 630	-263 406
Renter investering GS		-71 722	-89 288
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>113 761</b>	<b>1 552 420</b>
Overført fond vedlikehald			
Overført prosjekt			800 000
Overført annan egenkapital		113 761	752 420

## Balanse

	Note	2015	2014
<b>ANLEGGSMIDLAR</b>			
Byggetrinn 1&2	1,6	22 932 141	23 621 974
Anlegg	6	2 603 717	262 969
Kontorinventar/utstyr	6	1 272 572	1 538 906
EDB-utstyr/kassasystem	6	94 427	191 407
Bilar/transportmidlar	6	838 599	814 572
Samlingar		200 000	200 000
<b>Sum varige driftsmidlar</b>		<b>27 941 456</b>	<b>26 629 828</b>
Innskot COOP		3 112	2 433
Eigenkapitaltilskot KLP		418 901	356 944
Matfatet Jæren BA			4 000
KulturIT AS		200 000	
<b>Sum finansielle anleggsmidlar</b>		<b>622 013</b>	<b>363 377</b>
<b>Sum anleggsmidlar</b>		<b>28 563 469</b>	<b>26 993 205</b>
<b>OMLØPSMIDLAR</b>			
Varelager	9	1 007 194	919 424
Kundefordringar		917 547	875 266
Meirverdiavgift		444 504	395 533
Andre kortsiktige fordringar		936 317	580 855
<b>Sum fordringar</b>		<b>2 298 368</b>	<b>1 851 654</b>
Bankinnskot og kontantar	10	68 177 646	56 141 517
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>71 483 208</b>	<b>58 912 595</b>
<b>Sum egedelar</b>		<b>100 046 677</b>	<b>85 905 800</b>

## Balanse

	Note	2015	2014
<b>EIGENKAPITAL</b>			
Grunnkapital		200 000	200 000
Fond vedlikehold	11	4 946 572	4 946 572
Fond prosjektavsetning		6 150 000	1 350 000
Annan egenkapital		6 321 766	11 008 006
<b>Sum egenkapital</b>		<b>17 618 338</b>	<b>17 504 578</b>
<b>GJELD</b>			
<i>Ubrukte øymerka midlar</i>			
Ubrukte midlar, byggetrinn 1 og 2	1,3	23 187 329	23 877 162
Andre øymerka tilskot	3	43 075 423	30 117 579
<b>Sum ubrukte øymerka midlar</b>		<b>66 262 752</b>	<b>53 994 741</b>
Pensjonsforpliktelser	5	5 798 521	3 584 004
Langsiktig gjeld Hå komm.		288 000	288 000
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Vennelaget		410	762
Leverandørgjeld		2 940 901	3 667 130
Skuldig skattetrekk		1 202 936	1 179 170
Skuldig arbeidsgjevaravgift		1 324 502	1 274 449
Skuldige feriepengar		3 463 277	3 282 840
Påløpt løn		1 007 657	993 855
Anna kortsiktig gjeld		139 383	136 271
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>10 079 066</b>	<b>10 534 477</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>82 428 339</b>	<b>68 401 222</b>
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>		<b>100 046 677</b>	<b>85 905 800</b>

Nærbø, 23.02.2016

  
Arne Norheim  
Styreleiar

  
Mons Skrettingland  
Nestleiar

  
Tone Brandtzæg

  
Ingrid Haugland


  
Staale Grude Håaland


  
Ørjan Zazra Johansen

  
Bjørn Kahrs

  
Espen Aaserud Karlsen

  
Ane Mari Braut Nese

  
Per Inge Ruud

  
Ingeborg Merland Skjærpe

  
Stanley Witak

  
Måbjørn Snarteland  
Direktør

## Kontantstramanalyse

	2015	2014
<b>KONTANTSTRAUM TILFØRT FRÅ DRIFT</b>		
Resultat før disposisjonar	123 769	1 552 420
Planendring pensjon ført mot egenkapital		2 789 067
Gevinst/Tap ved sal av anleggsmidler	-24 000	-15 000
Ordinære avskrivninger	1 519 605	1 498 976
<b>Tilført frå drift</b>	<b>1 619 374</b>	<b>5 825 463</b>
<b>AUKE/NEDGANG KONTANTSTRAUM FRÅ</b>		
Kundefordringar	-42 281	-275 218
Andre omløpsmidlar	-492 203	768 616
Leverandørgjeld	-726 229	-713 743
Skuldige avgifter og feriepengar	254 256	614 628
Annan kortsiktig gjeld	6 555	542
<b>Netto kontantstrøm frå kortsiktige balansepostar</b>	<b>-999 902</b>	<b>394 825</b>
<b>KONTANTSTRAUM TIL INVESTERINGER</b>		
Sal av varige driftsmidler	24 000	15 000
Investering i varige driftsmidler	-2 831 239	-1 317 790
Andre langsiktige investeringer	-258 635	-56 530
<b>Sum kontantstrøm - driftsmidler</b>	<b>-3 065 874</b>	<b>-1 359 320</b>
<b>KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERING</b>		
Endring ubrukte øymerka midlar	12 268 011	1 408 117
Endring anna langsiktig gjeld	2 214 517	-2 708 367
<b>SUM KONTANTSTRAUM FINANSIERING</b>	<b>14 482 528</b>	<b>-1 300 250</b>
<b>NETTO KONTANTSTRAUM GJENNOM ÅRET</b>	<b>12 036 126</b>	<b>3 560 718</b>
Likviditetsbeholdning 01.01.	56 141 516	52 580 795
Likviditetsbeholdning 31.12.	68 177 646	56 141 516
Endring likviditetsbeholdning	12 036 130	3 560 718
<b>FAKTISK LIKVIDITETSBEHALDNING 31.12.</b>	<b>56 141 516</b>	<b>56 141 516</b>

## Notar

### NOTE 1 – REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskap 2015 er sett opp i samsvar med rekneskapslova, god rekneskapskikk og forskrifter om rekneskapsføring.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld er postar med forfall innan eit år etter innkjøpstidspunktet, og postar som knyter seg til varekretsløpet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omløpsmiddel er vurdert til det lågaste av anskaffelseskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er ført i balansen med nominelt beløp på tidspunktet for opptak.

Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskostnad. Ved varig verdifall vil anleggsmiddel bli nedskrive til verkeleg verdi. Langsiktig gjeld er ført i balansen med nominelt beløp på etableringstidspunktet.

### Vedlikehald

Kostnader til vedlikehald blir ført fortløpande. Oppgradering skal vurderast som investering og aktiverast.

NOTE 2 – TILSKOT TIL DRIFTA	2015	2014
Kulturdepartementet KUD	16 714 000	16 389 000
Kystverket FKD	1 178 666	1 133 333
Rogaland fylkeskommune	8 112 000	7 664 000
Kontingent frå stiftarkommunar	2 595 743	2 492 535
Vertskommunetilskot frå kommunar	8 896 428	8 730 889
Forskningsrådet, vitensenterdrift KD	5 300 000	5 300 000
<b>Sum tilskot</b>	<b>42 796 837</b>	<b>41 709 757</b>

NOTE 3 – ØYREMERKA TILSKOT PROSJEKT	2015	2014
Næringslivet/bedrifter	2 262 500	4 862 500
Kulturdepartementet (KUD)	15 062 500	5 000 000
Kulturrådet	530 000	300 000
Kystverket (FKD)		180 000
Forskningsrådet (KD)		45 000
Statens Landbruksforvalting (LMD)		20 000
Rogaland fylkeskommune	3 731 000	2 341 000
Kommunar/anna offentleg	195 144	236 329
Private gåver/inntekt	473 997	311 083
Stiftelsen til fremma av jordbruket i Nærbø	400 000	1 050 300
Renteinntekter m.m	520 899	352 694
<b>Totalt</b>	<b>23 176 040</b>	<b>14 698 906</b>

### Overførte prosjektmiddel

Tilskot	23 176 040	14 698 906
Brukt	10 975 854	11 688 092
<b>Ubrukte tilskot</b>	<b>12 200 186</b>	<b>3 010 814</b>

### IB 2015:

Bygg Vitengarden 01.01.15	23 877 162
Øymerka tilskot 01.01.15	30 117 579
<b>Sum IB 01.01.15</b>	<b>53 994 741</b>

Korrigert for avslutta prosjekt 2015	67 826
Ubrukte tilskot 2015	12 200 186
<b>Overført til 2016</b>	<b>66 262 753</b>
Bygg Vitengarden 31.12.15	23 187 329
Øymerka tilskot 31.12.15	43 075 424

## Notar

NOTE 4 – ANDRE INNTEKTER	2015
Refusjon diverse utlegg	319 738
Kundeutbytte	134 006
Jordbruksinntekt	36 575
Gevinst avgang anleggsmidler	24 000
Arbeidspraksis NAV	9 268
Diverse	18 154
<b>Totalt</b>	<b>541 741</b>

NOTE 5 – TILSETTE OG GODTGJERSLER	2015	2014
<b>Spesifikasjon personalkostnader</b>		
Lønskostnader	31 048 571	28 607 203
Honorar	135 083	87 400
Arbeidsgjevaravgift	4 668 813	4 092 327
Pensjonskostnader	6 184 278	4 686 146
Personalforsikring	135 488	134 736
Andre personalkostnader	318 822	494 605
<b>Totalt</b>	<b>42 491 055</b>	<b>38 102 417</b>

### Tal for pensjonskostnad og pensjonsforpliktelse iflg. NRS-beregning 2015 KLP:

Medlemsstatus:	2015	2014
Tal aktive	114	110
Tal oppsette	76	54
Tal pensjonar	11	10
Gj.sn.pensjonsgr.lag	254,149	255,210
Gj.sn.alder	36,39	36,37
Gj.sn. tenestetid	5,51	5,08
Forventa gjenstående tenestetid, aktive	10	9,96

Netto pensjonskostnader	2015	2014
Opptening	5 446 687	3 979 302
Rentekostnad	958 182	1 267 707
Brt. pensjonskostnad	6 404 869	5 247 002
Forventa avkastning	-828 578	-970 943
Adm.kostn/rentegaranti	223 894	202 286
Nto. Pensjonskostnad	5 800 185	4 478 352
Resultatført planendring		-2 612 743
Arb.gj.avg. nto. pensj.kostnad inkl adm.kost	817 826	631 448
Estimatavvik inkl. arb.g.avg.	457 561	
<b>Netto pensjonskostnader</b>	<b>7 075 572</b>	<b>2 497 057</b>
-herav arb.gj.avg. estimatavvik	-56543	-21789

Pensjonsskyldnader	2015	2014
Påløpne pensjonsskyldnader	42 523 642	36 308 642
Pensjonsmidlar	28 965 829	23 970 099
Nto. skyldnad før arb.g.avg.	13 557 174	12 338 543
Arb.gjevaravgift	1 911 562	1 739 735
Nto. Skyldnad inkl arb.g.avg.	15 468 736	14 078 278
Estimatavvik	-8 796 418	-9 197 436
Estimatavvik arb.g.avg	-1 240 294	-1 296 837
<b>Netto pensjonsmidlar/ -skyldnad inkl. arb.g.avggift</b>	<b>5 432 024</b>	<b>3 584 005</b>

## Notar

### framhald NOTE 5 – TILSETTE OG GODTGJERSLER

Grunnlag for utrekningar	2015	2014
Diskonteringsrente	2,7 %	2,3 %
Forventa lønsvekst	2,75 %	2,75 %
Vekst grunnbeløp folketrygd	2,5 %	2,5 %
Forventa pensjonsregulering	1,73 %	1,73 %
Forventa avkastning fondsmidlar	3,2 %	3,25 %

### NOTE 6 – VARIGE DRIFTSMIDDEL

Jærmuseet har næringslivsforsikring med dekning for skade på publikum, egedelar og driftstap. Våre bygg er fullverdifsikra. Premiegrunnlag for hovudbygg og verkstad er kr. 94.735.000. For våre andre eigedommar var premiegrunnlaget i 2015 totalt kr. 21.844.000.

	BYGNINGAR		Sum
	Trinn 1	Trinn 2	
Bokført 01.01.15	11 477 388	12 144 586	23 621 974
Avskrivning 2015	370 239	319 594	689 833
Kostpris 31.12.15	18 511 918	15 979 718	34 491 636
<b>Tot. nedskr. pr. 31.12.15</b>	<b>11 107 149</b>	<b>11 824 992</b>	<b>22 932 141</b>

Varige driftsmiddel i tabellen er hovudsakleg finansierte med offentlege tilskot.

Eigedom som er finansiert med offentlege midlar kan ikkje danna grunnlag for pant til lån utan samtykke frå kulturdepartementet. Den kan heller ikkje omsetjast i den vanlege eigedomsmarknaden.

	Inventar/ utstyr	EDB-utstyr/ system	Transport- middel	Bygg og anlegg	Sum
Bokført 01.01.15	1 538 906	191 410	814 573	262 969	2 807 858
Tilgang 2015	136 958		271 266	2 423 015	2 831 239
Ord. avskrivning	403 292	96 982	247 245	82 267	829 786
<b>Bokført 31.12.15</b>	<b>1 272 572</b>	<b>94 428</b>	<b>838 594</b>	<b>2 603 717</b>	<b>4 809 311</b>

Jærmuseet nyttar kr. 50.000,- som nedre beløpsgrense ved vurdering av balanseføring kontra resultatføring av varige driftsmiddel. Det vert nytta lineær avskrivning.

### NOTE 7 – KJØPTE TENESTER

Innleigd arbeidskraft Science Cirkus	374 789
Prosjektleiar Sikringsplan	205 835
Prosjektleiar Klima	183 792
Anna innleigd konsulenthjelp	154 981
Div tenester	118 463
Resepsjonstenester Garborgsenteret	116 828
Konsulentkjøp vedr anbud	103 984
Honorar for juridisk bistand	88 246
Revisjonshonorar	63 596
Konsulentkjøp datasystemer	59 184
Postbod	49 201
Vakthald/guiding temamuseum	46 713
Arkitekttenestar	30 795
Konsulentkjøp personalhåndbok	14 910
<b>Total</b>	<b>1 611 317</b>

## Noter

### NOTE 8 – ANDRE DRIFTSKOSTNADER

---

Møteutgifter/representasjon/gåver	220 601
Kontingentar	205 250
Utlegg med refusjon	159 334
Publikasjoner/dokumentasjon	81 425
Renter, gebyr og valuta	72 689
Kostnader gardsdrift	73 110
<b>Total</b>	<b>812 409</b>

---

Til styret i Stiftinga Jærmuseet

## REVISORS BERETNING

### Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Stiftinga Jærmuseet som viser et overskudd på kr 113 761. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2015, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

#### *Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet*

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

#### *Revisors oppgaver og plikter*

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftelsens utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av stiftelsens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### *Konklusjon*

Etter vår mening er årsregnskapet, avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til Stiftinga Jærmuseet per 31. desember 2015 og av resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

---

**Uttalelser om øvrige forhold***Konklusjon om årsberetningen*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av stiftelsens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge,

*Konklusjon om utdelinger og forvaltning*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, mener vi at stiftelsen er forvaltet og utdelinger er foretatt i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

Stavanger, 23.02.2016  
Rogaland Revisjon IKS



Cicel T. Aarrestad  
Revisjonsdirektør/  
statsautorisert revisor

[1]	[2]
[3]	[4]

#### BILETETEKST – FRAMSIDE

[1] Utstillinga «Sommarleir for fyr» stod på Tungenes frå juni til september. Fyra er laga av den franske maritime kunstnaren Ramine DeBrest.

Foto: Ove Tennfjord, Randaberg kommune

[2] Vistnestunet hadde fleire godt besøkte aktivitetdager gjennom året. Her ynskjer formidlar og bondekone Unn Iren Thorsen velkommen til gards.

Foto: Ove Tennfjord, Randaberg kommune

[3] Helseminister Bent Høie, ordførar i Hå, Mons Skrettingland og fylkesordførar i Rogaland, Janne Johnsen, kom med gladnyehita om at Jærmuseet får kr. 18,8 millionar kroner til bygging av underjordisk magasin. Foto: Tormod Aass, Jærmuseet

[4] I samband med Global Dignity Day, var Kronprins Haakon på besøk på Vitenfabrikken. Han vart møtt av fleire barnehagar frå Sandnes med norske flagg og raud løpar. Foto: Elin Ravndal Bell, Jærmuseet

[1]	[2]
[3]	

#### BILETETEKST – BAKSIDE

[1] Utstillinga Traktorliv på Vitengarden utstillinga Traktorliv er 30 traktorar utstilt, produsert i perioden 1917 – 1957. Foto: Helene Østby Larsen, Jærmuseet


[2] Forslaget til Rørbæk og Møller arkitekter, Vitenlandskapet, vann arkitektkonkurransen for det maritime vitensenteret i Tungevangen

[3] Grønn lab opna på Vitenfabrikken før sommaren, og er ein del av Energi & Miljø prosjektet. Her ligg alt til rette for mange kreative aktivitetar.


Stiftinga Jærmuseet er regionalt vitensenter for Sørvestlandet og regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå.

– møtestad mellom natur, kultur & teknologi

[www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no)



- 1 VITENGARDEN
- 2 VITENFABRIKKEN
- 3 TUNGENES FYR
- 4 NASJONALT GARBJØRGSENTER
- 5 GARBJØRGHEIMEN
- 6 KNUDAHEIO
- 7 HAUGABAKKA
- 8 VARDEN SJØREDNINGSMUSEUM
- 9 KRIGSHISTORISK MUSEUM
- 10 FLYHISTORISK MUSEUM SOLA
- 11 VISTNESTUNET
- 12 GRØDALAND
- 13 LIMAGARDEN
- 14 HÅ GAMLE PRESTEGARD,



JÆRMUSEET sitt hovudkontor ligg på Vitengarden, Nærbo.  
Besøksadresse hovudkontor: Kviavegen 99, Kvia, Nærbo  
Postadresse: Postboks 250, 4367 Nærbo  
Sentralbord: 47 77 60 20  
Epost: [post@jaermuseet.no](mailto:post@jaermuseet.no)

 [youtube.com/jaermuseet](https://www.youtube.com/jaermuseet)

 [#jaermuseet](https://www.instagram.com/jaermuseet)

 [facebook.com/jaermuseet](https://www.facebook.com/jaermuseet)

[www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no)